

Helsefelleskap Møre og Romsdal - SRR



LSU-Molde og Kristiansund 18/3-22

Retningline

«følgjeperson ved innlegging i sjukehus»

- **Avklaringar / føresetnader**
- **Problemstillingar/utfordringar**



Helsefelleskap Møre og Romsdal







Helsefelleskap Møre og Romsdal





Helsefelleskap Møre og Romsdal



Problemstillinger / utfordringar

- «Avtale eller «retningsline»
- Kva type innlegging / behandling skal vere omfatta av retningslina
- Barn og foreldre / føresatte
- Ressurskrevjande tenester
- Brukarar med kommunalt vedtak BPA
- Økonomisk ansvar mellom helsenivåa

Helsefelleskap Møre og Romsdal

Avtale eller retningsline

- Fleire delar av retningslina gjeld økonomi eller arbeidsrettslige forhold
- Kommunane ynskjer at desse områda i retningslina må takast inn som del av Samarbeidsavtalen.

Kva type innlegging / behandling skal vere omfatta av retningslina

- HMR har primært hevda at det kun skal gjelde innlegging på sengepost
- Kommunane hevdar at ordninga må gjelde all innlegging / dagbehandling / polikliniske konsultasjonar

Barn og foreldre / føresatte

- Nokre krevjande grensedragingar om roller og ansvar rundt barn.
- Foreldrerolle og samtidig behov for følgjeperson (avlastning også under innlegging i sjukehus)
- Rolle til avlastarar, føresatte eller følgjeperson

Helsefelleskap Møre og Romsdal

Ressurskrevjande tenester

- HMR har ynskt at personell knytt til ressurskrevjande brukarar kan vere følgjeperson utan refusjonskrav frå kommunene, når kommunane likevel får dekkja desse kostnadane med staten.
- Oppfatninga av at kommunane kan ta med kostnader for følgjeperson i tilskotsgrunnlaget er i strid med regelverk for ressurskrevjande tenester. Mange av pasientane fell også utanfor denne ordninga.
- Det er godtatt og avklara at kommunane ikkje får refundert personalkostnad frå både HMR og staten.

Brukarar med kommunalt vedtak BPA

- HMR har ynskt at aktuelle brukarar med BPA-vedtak kan bruke av vedteken timeressurs når pasienten er innlagt i sjukehus, når kommunen likevel har denne utgifta/kostnaden.
- Det er godtatt og avklara at assistent i BPA-ordning kan følgje pasienten medan han er innlagt i sjukehus, men er då ikkje til disposisjon for sjukehuset men for pasienten og i tråd med det kommunale vedtaket for vedkomande.

Helsefelleskap Møre og Romsdal

Økonomisk ansvar mellom helsenivåa

Kommunene ynskjer å hjelpe med å tilby følgjepersonell, ikkje fordi kommunane har plikt, men når:

- Ein veit det er avgjerande for gjennomføring av helsehjelp og behandling
- Det er av betydning for trygghet hos pasienten
- Sjukehuset har vurdert behovet for følgjepersonell og ber kommunen om dette
- Kommunen har tilsette som kjenner pasienten godt og som kan vere følgjepersonell
- Ressurssituasjonen i kommunen gjer det forsvarleg å midlertidig endre arbeidsstad for enkelte tilsette

I staden for å gje kommunalt følgjepersonell permisjon slik at sjukehuset kan tilby ekstravakt/vikartimar, for å rekruttere kjent helsepersonell til pasienten, har kommunane vore rause og smidige og tilbydd å forskotter løn og andre kostnader. Verken kommunene eller HMR ynskjer endring på denne ordninga.

Kan rutinane i retningslinene gjerast enklare ?

Byråkratiet og administrasjonen kan forneklast, men dette krev større grad av tillit frå HMR til kommunane.

Spm om behov for rutiner for inngåing av enkeltavtalar, dagleg kvittering på timelister frå fagansvarleg i sjukehuset m.m.

Helsefelleskap Møre og Romsdal

Viser til saksutgreiing og vedlegg med tydlege føringar for kostnadsansvar.

For å samstemme retningslinene med sentrale føringar, må framlegg som ligg føre frå arbeidsgruppa, endrast på desse punkta :

2. OMFANG

Retningslina gjeld for alle avdelingar ved helseføretaket og kommunar i Møre og Romsdal, eller instansar/andre som helseføretaket eller kommunen har avtale om kjøp av tenester med. **Retningslina gjeld for både døgnopphald, dagbehandling og ved polikliniske konsultasjonar.**

Retningslina gjeld både følgjeperson for vaksne pasientar og barn som pasientar, men avgrensast mot foreldre og andre som opptre i foreldra sin stad.

Utgifter til følgjeperson som kan dekkast av regelverket for Pasientreiser, skal rettast mot denne ordninga, t.d reisutgifter til poliklinisk behandling.

3. DEFINISJONAR

Pasient/brukar med spesielle behov: Pasient med behov for kjent følgjeperson under innlegging omfatta mellom anna sterkt funksjonshemma, utviklingshemma og andre med store kommunikasjonsvanskar, eller pasientar med stor grad av uro, angst eller utagerande åtferd. I teksten brukast pasient synonymt med pasient/brukar.

Behandling: **Retningslina gjeld all behandling i helseføretaket, både planlagde og akutte innleggingar/konsultasjonar.**

Følgjeperson: Personell frå kommunen si helse- og omsorgsteneste og som kommunen etter avtale med helseføretaket stiller til disposisjon i samband med behandling i sjukehuset.

Omsorgsperson: Foreldre eller andre som opptre i foreldra sin stad som omsorgspersonar for barn, for eksempel kommunale avlastarar som er med barnet i sjukehuset.

Helsefelleskap Møre og Romsdal

Andre forslag til endring ?

Frist 23/3

SSU 4/3

LSU-Volda

Sluttar seg ikkje til pkt 2 og 3 i retningslina om kostnadsansvar ved dagbehandling og polikliniske konsultasjonar, men etterlyser sentral/nasjonalt avklaring (noko som er gjort/ligg vedlagt saka). Ber om at tema om følgjepersonell vert teke med ved neste revisjon av samarbeidsavtalen.

LSU- Ålesund

«Prinsippet i nasjonale retningsliner om at all behandling i spesialisthelsetenesta inkludert reisetid skal dekkast av spesialisthelseteneste må gjelde uavhengig av om det er innlegging/dagbehandling eller poliklinikk.

Føretaket må definere kvifor følgjeperson skal vere med».